

Hovedarrangør:  
- STORDAL SOGELAG

Kontaktperson: Styreleiar Jonas Falch  
Hovshjellane, 6250 Stordal - Telefon: 70278308  
Mobil: 93295616 - Epost: jonfalch@online.no



Stordal, 21. august 2007

## PROGRAM LANGSÆTERDAGANE 2008

Set av fredag 29., laurdag 30. og søndag 31. august

Programma for alle dei tre dagane er no i hovudtrekk ferdig og oversikt fylgjer her. Det blir mykje interessant å vere med på alle dagane. Her skisserer vi med ein viss detaljeringsgrad programma for dei tre dagane. Program vert også delt ut under sjølve dagane. På side 4 her finn du foto/kart frå Langsæterområdet, Stordal og omliggande bygder.

### HOVEDMÅLSETTINGANE FOR LANGSÆTERDAGANE 2008

- Vi vil fokusere på mange interessante programpostar for barn, unge, skuleklasser og andre slike grupper.
- Vi vil formidle kultur, historie og kunnskap om stølslivet og anna frå eldre tider.
- Vi vil bidra med spennende og lærerike programpostar både for yngre og eldre.
- Vi ønsker besøk over fjellet frå nabobygdene våre. Ellers er alle velkomne både frå nær og fjern.

God lokal mat blir tilbydd laurdag og søndag av aktørar frå bygda.

### **TROLLKYRKJEGARDSDAGEN, FREDAG 29. AUGUST.**

- Dette er møtedagen på Trollkyrkjegarden inne på fjellet mellom bygdene Stordal, Valldal, Innfjorden, Måndalen, Tresfjord og andre nabobygder. Sjå foto/kart side 4 her.
- Tur – friluftsfolk, skuleklasser, pensjonistgrupper, sogelagsgrupper og andre møtes då på Trollkyrkjegarden.
- Det vil bli orientert om fornminner og kulturminner, dyregraver og andre fangstmetoder frå fjellområda mellom dei omliggande bygdene.
- Alle er hjarteleg velkomne til denne FRILUFTSDAGEN og dagen for møte mellom grannebygdene slik det var i eldre tider.

Det som foregjev på sjølve Trollkyrkjegarden av offisielt program reknar ein med vil ligge i tida mellom klokka 11.00 og 14.00.

## KVITLANEDAGEN ( STØLSDAGEN ), LAURDAG 30. AUGUST

**Programma starter Kl. 10.00 – Ver ute i god tid.** Du blir herved invitert til å sette att bilen på parkeringsplassen på Overøye og gå til Kvitlanestølen, ein marsj på om lag 1 kilometer. Start gjerne frå Overøye kl. 09.00 – 09.30. Ved starten av turen står informasjonsbygget til Stordal Sogelag. Sjå informasjonen ute og inne i dette bygget. Dette er Opplevings- og Læringsdagen på Kvitlanestølen og ved elva. Programmet for denne dagen vert delt i dei to nedanforståande hovedpostar:

**PÅ SJØLVE STØLEN;** Ei mengd enkeltprogramposter som vi her kort refererer:

- Ysting av ost, kjinning av smør, koking av søst / mysebrøm / dravle o.s.v. Det vil bli servert smaksprøver av nokre produkt. Ein kan få kjøpt sveler til familievennlege prisar.
- Tillaging av ved.
- Handarbeidsgrupper vil vere i sving og vise framgangsmåter og gjenstander; dreining, knivsmed og andre handtverkstradisjonar.
- Mineralogi og biologisk mangfold. Bilder og prøver vert vist.
- Visning av gamle barneleikar – barna deltek og lærer.
- På BØNDENES TORG vil det verte tilbudd ei masse varer for sal; poteter, plommer, honning, røykalaks m.m.
- MAT vert servert i tråd med dei beste lokale mattradisjonar av lokale tilverkarar.

**NEDE VED ELVA** vil det som tidlegare år foregå aktivitetar - som den populære gullgravarleiren.

## PUSKENDAGEN, SUNDAG 31. AUGUST

**Gudsteneste og Underhaldningsdagen.** Programmet starter Kl 12.00 med gudstjeneste. Du blir herved invitert til å sette att bilen på parkeringsplassen på Overøye og gå fram gjennom Trongstelia ca 1,5 km til Puskenstølen. Start gjerne frå Overøye kl. 11.00. Ved starten av turen står informasjonsbygget til Stordal Sogelag. Sjå informasjonen ute og inne i dette bygget. Det er også parkeringsplass ved Puskebrua, nærare stølen.

### PROGRAM

12.00 – 13.00 GUDSTENESTE MED DÅP

- Prest Nils Beite held gudstenesta. Stordal Hornmusikklag spelar til salmesongen.

13.00 – 14.00 MATSERVERING

- Matpause med sosialt samvær. Varm mat, kaffi og kaker vert å få kjøpt frå dei lokale tilbydarane Holt Gardsmat og Nilsgardstunet.

14.00 – Omlag 15.00 STORDAL HORNMUSIKKLAG og andre musikkrefter underheld.

VI TEK ATTERHALD OM MINDRE PROGRAMENDRINGAR FOR ALLE DAGANE

# LANGSÆTERDAGANE 2008 ER STØTTA AV:



Tlf. 70 10 45 00



**LØSET**  
MEK. VERKSTED  
6250 Stordal – Tlf.: 70 27 80 20



**Per Ivar Moe**  
Utigarden på Jøsvoll  
6250 Stordal  
[www.josvoll.no](http://www.josvoll.no)



**SPAREBANKEN MØRE**  
Avdelingskontor Stordal  
Tlf. 70 27 90 52



Besøk COOP Marked i Stordal!  
6250 STORDAL - Telefon 70 27 90 80





TIL HØGRE KART OVER  
DET SENTRALE  
LANGSÆTEROMRÅDET.

MIDT PÅ SIDA FOTO OVER  
LANGSÆTEROMRÅDET.

NEDERST EIT  
OVERSIKTSKART FOR  
STORDAL MED  
OMLIGGANDE BYGDER.

